



Aksjonærene i Sogn og Fjordane Energi AS
Medlemmene i styret for Sogn og Fjordane Energi AS
Valnemnd i Sogn og Fjordane Energi AS

02.06.2023

Sogn og Fjordane Energi AS – innkalling til generalforsamling 16.06.2023

Det vert med dette kalla inn til generalforsamling i Sogn og Fjordane Energi AS
fredag 16. juni 2023 - kl. 11.00 i selskapet sine lokaler på Sandane.

Saker som skal handsamast:

1. Val av møteleiar
2. Val av ein person til å skrive under møteboka saman med møteleiar
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Fastsetting av rekneskap og disponering av resultat for 2022, og fastsetting av balanse pr. 31.12.2022 for selskapet Sogn og Fjordane Energi AS og konsernet Sogn og Fjordane Energi.
5. Godkjenning av honorar for revisor
6. Val av medlemer til styret og valnemnd
7. Fastsetting av honorar for styremedlemer og medlemmer av revisjonsutvalet.
8. Orientering om retningsliner for godtgjersle for leiande tilsette

Etter generalforsamlinga vert det eigarmøte. Tema i eigarmøtet vil mellom anna vere:

- Generell informasjon om status i SFE.
- Framlegging av langtidsprognose for 2024-2033.

Mellom generalforsamlinga og eigarmøtet vert det servert lunch.

Av omsyn til lunchservering ber vi om at kvar aksjonær gir tilbakemelding på kven som deltek seinast onsdag 14. juni til Martin Holvik på epostadresse martin.holvik@sfe.no.

Vedlegg:

1. Fullmaktskjema
2. Framlegg til vedtak i sak 4, 5, 6 og 7.
3. Årsrapport 2022
4. Bærekraftsrapporten 2022

Med helsing

Sogn og Fjordane Energi AS

Sigurd Reksnes

Styreleiar

- sign. -



FULLMAKT

Den som underteknar og som er eigar av _____ A-aksjar og
_____ B aksjar

i Sogn og Fjordane Energi AS gir hermed fullmakt til

_____ til å møte og stemme for våre aksjar på den
ordinære Generalforsamlinga som vert halde 16. juni 2023.

_____ den _____ 2023

Stad

Underskrift

Gjenta med blokkbokstavar

Namn på eigar av aksjane

Adresse

Postnr.

Stad

Fullmakt kan sendast pr. epost til post@sfe.no.

Dok.nr 1157354/13

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Generalforsamling 16.juni 2023

Vedtaks sak



Sak nr. 23/4

Årsoppgjer 2022

Framlegg til vedtak:

1. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for 2022 med eit underskot på kr 341.627.060 for morselskapet og eit overskot på kr 204.861.761 for konsern og ein totalbalanse på kr 7.134.803.062 for mor og kr 11.097.337.661 for konsern.
2. Generalforsamlinga godkjenner eit utbytte for 2022 på kr 16,13 pr aksje, totalt kr 124.941.351.
3. Generalforsamlinga vedtek slik disponering av årsoverskotet i mor-selskapet:

Avsett til utbytte	kr	124.941.351
Overført frå fond for vurderingsforskjellar:	kr	-27.732.254
<u>Overført til anna eigenkapital</u>	kr	<u>244.417.963</u>
<u>Sum disponert:</u>	kr	<u>341.627.060</u>
4. Generalforsamlinga tek styret si melding for 2022 til vitande.
5. Generalforsamlinga tek meldinga frå revisor til vitande.

Vedlegg

1. Årsrapport 2022 som inkluderer Styret si melding for 2022, resultatrekneskap og balanse med notar og revisjonsmelding.

Arkivnr.	1185532/11
Øk. Dir.	MAHO
Konsernsjef	JORA
Styreleiar	Sigurd Reksnes



Vedtaks sak

Sak nr. 23/5

Godkjenning av honorar for revisor

Styret sitt framlegg til vedtak på revisjonshonorar:

Generalforsamlinga godkjenner revisor sitt honorar for 2022 på kr 411.000,- for morselskapet og kr 923.000,- for konsernet totalt.

Arkivnr. 1654420/2
Styreleiar Sigurd Reksnes

Godkjenning av honorar for revisor

Saksframstilling

Kva saka gjeld

Saka gjeld generalforsamlingsvedtak for godkjenning av honorar til revisor.

Bakgrunn

Det er generalforsamlinga som godkjenner honorar for revisor.

Utgreiing

Honorar til revisor:

Revisorhonorar er dokumentert i rekneskapsnotar til rekneskapen 2022 for konsernet og morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS, og dessutan gjengjeve i tabellane vist nedanfor:

Kostnader til revisor for konsernet :

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Revisjonshonorar, valt revisor	923	780
Revisjonshonorar, andre revisor gr	0	0
Rådgjevingstenester	0	0
Attestasjonstenester	255	46
Andre tenester utanfor revisjon	119	7
Tenester frå samarbeidande selskap	309	190
Sum	1 606	1 023

Kostnader til revisor for morselskapet :

Kostnader til revisor:		
Beløp i 1000 kr	2022	2021
Revisjonshonorar, valt revisor	411	313
Revisjonshonorar andre revisorer	0	0
Rådgjevingstenester	0	0
Attestasjonstenester	120	0
Andre tenester utanfor revisjonen	119	7
Tenester frå samarbeidande selskap	35	91
Sum	685	411

Beløpa i tabellane viser godtgjersle til valt revisor Ernst & Young AS og deira samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester. Kostnadane er utan meirverdiavgift.



Vedtakssak

Sak nr. 23/6

Val av medlemmer til styret og valnemnd

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Jan Helge Dale 2 år, attval. Personleg varamedlem: Leidulf Gloppestad 2 år, attval
Sigurd Reksnes 2 år, attval. Personleg varamedlem: Oddmund Klakegg 2 år, attval
Sindre Kvalheim 2 år, ny. Personleg varamedlem: Merete Lunde 2 år, attval

Styreleiar: Sigurd Reksnes, attval
Nestleiar: Silje Skaar Sunde, attval

Som nytt medlem i valnemnda vert Ragnhild Fresvik valt. Anne Marit går ut av valnemnda.

Arkivnr.	1232162/10
Konsernsjef	Johannes Rauboti
Styreleiar	Sigurd Reksnes
Leiar for valnemnda:	Jenny Følling

Val av medlemmer til styret og valnemnd

Saksframstilling

Kva saka gjeld

Saka gjeld val av medlemmer til SFE sitt styre og valnemnd.

Bakgrunn

Valnemnda i SFE skal tilrå styremedlemmer til SFE sitt styre. Valnemnda består av:

- Jenny Følling, leiar
- Anne Marit Steen
- Leidulf Gloppestad

Raghild Fredsvik, konsernsjef i Eviny, har delteke i valnemnda istadenfor Anne Marit Steen.

Utgreiing

Valnemnda vart valt for to år i 2022 og er såleis ikkje på val i år.

Følgande styremedlemmer er på val på generalforsamlinga

- Jan Helge Dale med Leidulf Gloppestad som personleg varamedlem (valt for 2 år på generalforsamling 22.06.2021)
- Sigurd Reksnes med Oddmund Klakegg som personleg varamedlem (valt for 2 år på generalforsamling 22.06.2021)
- Henrik Oppen med Merete Lunde som personleg varamedlem (valt for 2 år på generalforsamling 22.06.2021)

Valnemnda har gjort slik innstilling på val av styre:

Valnemnda i SFE har vore samansett av Jenny Følling, leiar (SF Holding), Ragnhild Fresvik (Eviny) og Leidulf Gloppestad, eigarkommunane. Vi har hatt eitt møte.

SFE har gjennomført styreevaluering som er lagt fram for valnemnda.

Sigurd Reksnes og Henrik Oppen med høvesvis Oddmund Klakegg og Merete Lunde som personlege varamedlemmer står på val. Dei representerer Sogn og Fjordane Holding AS. Jan Helge Dale er på val med personleg vara Leidulf Gloppestad

Henrik Oppen har varsla om at han ikkje tek attval. Dei andre som står på val tek attval.

Sindre Kvalheim har takka ja til å gå inn som ny styremedlem

Valnemnda i SFE si tilråding:

Jan Helge Dale	attval 2 år	Varamedlem Leidulf Gloppestad 2 år
Sigurd Reksnes	attval 2 år	Varamedlem Oddmund Klakegg 2 år
Sindre Kvalheim	ny 2 år	Varamedlem Merete Lunde 2 år

Leiar: Sigurd Reksnes
Nestleiar: Silje Sunde Skår

Valnemnda vart vald i fjor, men det må gjerast suppleringsval for Anne Marit Steen.
Tilråding: Ragnhild Fresvik



Vedtaks sak

Sak nr. 23/7

Fastsetting av honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet

Valnemnda sitt framlegg til vedtak på honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet:

Generalforsamlinga vedtek følgjande godtgjering til styret sine medlemmer:

Styreleiar	Fast honorar på kr	201.000.
Nestleiar	Fast honorar på kr	111.000
Medlem	Fast honorar på kr	96.700

Varamedlem Møtehonorar på kr 5.630.

Til medlemmer av revisjonsutvalet vedtek generalforsamlinga følgjande godtgjersle:

Leiar og medlemmer Fast honorar på kr 32.800

I tillegg vert det betalt ut tapt arbeidsforteneste for arbeid for selskapet utover vanlig deltaking i styremøter i samsvar med fastsett styreplan. Ein legg til grunn dei satsar som er nytta for dette i Vestland fylkeskommune.

Endra godtgjersla gjeld frå 01.07.2023

Arkivnr. 1232055/10
Styreleiar Sigurd Reksnes
Leiar for valnemnda: Jenny Følling (sign.)

Fastsetting av honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet

Saksframstilling

Kva saka gjeld

Saka gjeld fastsetting av honorar til styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet i Sogn og Fjordane Energi AS.

Bakgrunn

Det er generalforsamlinga som fastset honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet.

I samsvar med instruksen, skal valnemnda «gje innstilling til generalforsamlinga om godtgjering til styret sine medlemmer».

Utgreiing

Styrehonorar og godtgjersle for medlemmer av revisjonsutvalet vart fastsett slik i generalforsamling 14.06.2022:

Nivået på godtgjersler frå 01.07.2022:

Styreleiar:	Fast honorar på kr 191.000,-
Nestleiar:	Fast honorar på kr 106.000,-
Styremedlem:	Fast honorar på kr 91.900,-
Varamedlem:	Møtehonorar på kr 5.350,-

Medlemmar av revisjonsutvalet får eit fast honorar på kr. 31.200,-

I tillegg vert det betalt ut tapt arbeidsforteneste for arbeid for selskapet utover vanlig deltaking i styremøter i samsvar med fastsett styreplan. Ein legg til grunn dei satsar som er nytta for dette i Vestland fylkeskommune

Valnemnda si tilråding:

Godtgjersler til styret og honorar for medlemmer i Revisjonsutvalet vert justert i samsvar med lønsoppgeret i SFE i 2022 på 5,2%.

Valnemnda si innstilling vil gje slike endringar i honorara:

Med verknad frå 01.07.2023, vert det tilrådd at godtgjersla for styret vert:

<i>Styreleiar</i>	<i>Fast honorar på kr 191.000 auka til kr 201.000.</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Fast honorar på kr 106.000 auka til kr 111.000.</i>
<i>Medlem</i>	<i>Fast honorar på kr 91.900 auka til kr 96.700.</i>

Varamedlem Møtehonorerar på kr 5.350 auka til kr 5.630.

Godtgjersla til revisjonsutvalet:

Leiar og medlem Fast honorar på kr 31.200 auka til kr 32.800

Ved ordinær generalforsamling i 2022 blei det vedteke å betale ut tapt arbeidsforteneste for arbeid for selskapet utover vanlig deltaking i styremøter i samsvar med fastsett styreplan. Ein har lagt til grunn dei satsane som vart nytta for dette i Vestland fylkeskommune.

Valnemnda har ikkje foreslått nokon endring av dette punktet.